

# MOGLEGHEITSSTUDIE GALDESAND



LOM KOMMUNE

## BAKGRUNN

Nordplan AS har av Lom Kommune fått i oppdrag å sjå på forbetringstiltak i og kring Galdesand i Bøverdalen.

Tiltaka skal bidra til å gjere Galdesand til ein meir estetisk tiltalande tettstad. I tillegg er det ønskeleg at ein ser på moglege tiltak for å gjere Galdesand til ein meir attraktiv stad å stoppe for dei på gjennomreise, samt ein attraktiv stad å opphalde seg både for dei lokale og for dei besøkjande.

Det er også eit behov for å rydde opp i logistikk for atkomst og parkering på staden, samt forbetre informasjonsformidling om kva som fins i nærområdet.

Som del av bestillinga frå Lom Kommune skal Nordplan sitt arbeid munne ut i ein landskapsplan med forslag til tiltak og forbetringar.

## GRUNNLAG OG PROSESS

Som bakgrunn for arbeidet med denne moglegheitsstudien vart det i januar 2023 gjennomført innleiande møte med Samfunnsutvalet i Lom Kommune. Her var også Coop Ottadalen representerte, som eig og driv butikken på Galdesand. I møtet vart aktuelle problemstillingar diskutert, og ein fekk innsyn i ein del av utfordringane som Galdesand har i dag.

I mai 2023 vedtok kommunestyret at moglegheitsstudien skulle gjennomførast.

Med dette som grunnlag vart det i juni gjennomført ei grundig synfaring på staden. Her deltok både representantar frå samfunnsutvalet og administrasjonen i Lom Kommune, samt Rune Fossmo frå Coop.

Nordplan utarbeida på bakgrunn av dette ein fyrste, grov landskapsplan med ein del innspel til tiltak og forbetringar. Denne vart oversendt til kommunen i juli, og gjennomgått med samfunnsutvalet i møte i september. Her fekk vi ein del innspel og ynskje, som no er vidareført i denne rapporten.

Vidare er det planlagt å halde eit ope folkemøte med presentasjon av rapporten i løpet av hausten 2023. Det vil i etterkant av dette bli vurdert om innspel ein då har fått i folkemøtet også skal innarbeidast i komplett, ferdig moglegheitsstudie.

## DAGENS SITUASJON

Galdesand ligg attmed Fylkesveg 55 (Sognefjellsvegen) i Bøverdalen, om lag 19 km frå Lom Sentrum, i retning sørvest mot Sognefjellet.

Staden er ein liten tettstad med butikk og vandrarheim/camping. Her er også vegkryss med avkøyning til Galdhøpiggevegen, som er hovudatkomst til overnattingsstadane (hotell/fjellstugu) Raubergstulen og Juvasshytta, samt til Galdhøpiggen Sommerskisenter og guida turar til Galdhøpiggen. I tillegg finn ein langs Galdhøpiggevegen mellom anna ein klatrepark.

Trafikkmengd og antal besøkjande på Galdesand varierar kraftig gjennom året, der sommarsesongen naturleg nok har mest trafikk. Ein ser imidlertid at trafikkmengda i skulder-sesongane vår og haust også er aukande - mykje på grunn av sommarskisenteret, samt fjellturismen som har auka dei seinare år. Fylkesveg 55 er vinterstengt, og antal besøkjande vil såleis naturleg nok gå ned når gjennomfartstrafikken vert borte mot vinteren.

Galdesand som tettstad er prega av forholdsvis tradisjonell byggeskikk med småhusbebyggelse i mørkbeisa tre, med saltak og noko varierande høgde og møneretning. Områda direkte rundt dei mest sentrale bygga er prega av noko utflytande asfaltflater, med fleire avkøyningar, samt vegkrysset opp mot Galdhøpiggevegen. Om ein ser på det nære omlandet for øvrig består dette av naturskjønne omgjevnader med mykje grønt, elva heilt inntil og bratte fjellskråningar. På neste side har vi laga ei enkel stadsanalyse med registreringane vi gjorde oss på synfaringa.



Bøverdalen vandrarheim sett frå nordaust.



Galdesand sett frå sørvest, med Coop Prix på venstre side av vegen.

# OVERORDNA STADSANALYSE/ REGISTRERINGAR PÅ SYNFARING

LOM KOMMUNE

## MOGLEGHEITSSTUDIE FOR GALDESAND

Ledig areal som kan nyttast til eksempelvis aktivitetsområde. Lett kupert, treng noko vegetasjonsrydding



Fint område langs elva, litt lågare og nærare elva enn den asfalterte plassen. Ein del skog og busker, trengs ein opprydding om området skal kunne nyttast.



Området rundt Coop er asfaltert, med fleire moglege atkomstar frå fylkesvegen. Ingen oppmerking av parkeringsplassar eller gangareal, heller ingen tydeleg skilting mot parkering eller offentleg toalett (på nordside av Coop).




Området rundt mølla utpeiker seg som svært naturskjønt, og eignar seg fint til utsiktsplass, ev. med sitteplasser.




Gangsti langs elva


Gangsti langs elva. Med nokre grep er det mogleg å få til ei mindre tur-runde på både sider av elva. Forbi utsiktspunkt mot mølla og på kvar side av elva. Eventuelt med bru vest for renseanlegget.



Busshaldeplassane er i dag utan sitjeplass for dei ventande. Informasjonstavla ved haldeplassen i retning Lom Sentrum ligg utilgjengeleg for bevegelseshemma.



Eksisterande område med bord og benker. Treng ei oppgradering.



Fin skråning med fjellknauser og skog bak rasteplass/bord og benker

Coop og vandrarheimen ligg tett på vegen og køyrbare areal. Lite gunstig for mjuke trafikantar langs og rundt bygga.



# BESKRIVING AV LØYSINGSFORSLAG

Vi vil her på dei neste sidane presentere forslag til tiltak og endringar på Galdesand i form av tekst, illustrasjonar og referansebilete.

Tiltaka vi foreslår omfattar ikkje store strukturendringar eller nybygg, då vi har oppfatta at det her er ynskjeleg med tiltak som er av eit meir begrensa og handterleg omfang, både praktisk og økonomisk. Vi meiner at dei tiltaka vi nå foreslår uansett vil medføre ei vesentleg forbetring, som vil kunne gjera Galdesand til ein meir attraktiv stad å opphalde seg.

Galdesand har mange gode kvalitetar, fyrst og fremst i form av naturopplevingar og kulturlandskap, som berre krev lett tilrettelegging for at ein betre skal kunne oppleve dei enn ein gjer i dag. Vi har i forslaga våre i stor grad teke utgangspunkt i dei kvalitetande som allereie fins på staden, og tilrettelagt desse i form av informasjon, betre logistikk og betre møblering/utstyr.

I tillegg til ein overordna landskapsplan, som syner heile tettstaden under eitt, har vi valt å gå noko grundigare inn på eit par fokusområde:

- Område I: Leikeområde og rasteplass ned mot elva, vest for Coop og parkeringsplassen
- Område II: Område rundt eksisterande sitteplasser sør for Coop, med krysset og bussplassane

Under følgjer beskriving av dei ulike kategoriane av tiltak som vi foreslår:

## INFORMASJONSMATERIELL OG SKILTING

Galdesand er eit naturskjønt område, med ei rekkje turmoglegheiter i nærområdet - både kortare og lengre turar, som kan nås både til fots og via bil med Galdesand som utgangspunkt. Det fins noko skilting av turveg, og ein kan finne informasjon på nett og i brosjyrar om dette. Det er imidlertid ikkje godt nok informert på staden verken om dette, eller om andre aktuelle tilbod i nærleiken. Det bør derfor utarbeidast ein overordna skiltplan for området, slik at ein får samordna og synleggjort kva som her fins av tilbod og innhald.

Ved atkomst til Galdesand frå både aust og vest, langs fylkesvegen, bør det etablerast eit overordna informasjonsskilt som synleggjer noko av det som fins her.

Vidare foreslår vi at det vert etablert eit område i tilknytning til parkeringsplassen for Coop, nede mot elva, der ein etablerar ei samling med informasjonstavler. Dette må plasserast godt synleg frå avkøyringa på sørsida av Coop-butikken. "Hovudtavla" på dette området bør vera eit oversiktskart over Galdesand, der det er tydeleg merka kva som fins på Galdesand, samt kva for turmoglegheiter som fins i umiddelbar nærleik.

I tillegg til dette sentrale området, og med informasjon, og oversiktskartet, bør det også etablerast mindre skilt og retningsgjevarar rundt omkring i området, med ei felles utforming, slik at desse vert gjenkjennbare element som bidreg til ei heilheit i prosjektet.

## PARKERING, ATKOMST OG LADEPUNKT

Slik det er i dag, er hovudtyngda av parkeringskapasitet på Galdesand lokalisert i området mellom Coop-butikken og elva. Dette er parkering primært tilegna Coop. I tillegg er det nokre parkeringsplassar på motsatt side av fylkesvegen, sør for avkøyring til Galdhøpiggevegen.

Parkeringsplassen ned mot elva er ikkje oppmerka, og er per i dag ei stor, samanhengande, asfaltert flate som også mellom anna inneheld noko salsvarer frå Coop (jordsekker og anna plasskrevande varer). I tillegg er det lengst mot vest ein gjenbruksstasjon for hytter og fastbuande, med containere for restavfall, papp/papir mm. Det er også etablert eit offentleg toalett i undertasjen på butikken - dette er lite synleg, og atkomsten er i dag ikkje skjerma eller sikra for fotgjengarar.

Det er eit ynskje både frå Coop og andre aktørar at det vert etablert ein plass for hurtiglading av el-bil i tilknytning til overnevnt parkeringsplass.

Eit anna tiltaka som bør gjennomførast, er å gjere logistikk og soninndeling på den asfalterte plassen meir tydeleg. Vi foreslår derfor at ein merkar opp parkeringsplassane, samt markerar tydeleg sone for salsvarer, enten i form av anna materiale i dekke/underlag, eller i form av låge gjerder. Det bør også avmerkast eigne HC-plassar - desse bør om mogleg leggst så nært inngangen som mogleg.

Ladeplass for el-bil har vi foreslått plassert i rekkja med p-plassar ned mot elva.


Inngang til toalett bør skiltast tydelegare, og det bør markerast enten i dekke eller med gjerder kva som er sone for fotgjengarar utanfor inngangsdøra.

## TURSTI I NÆROMRÅDET

Ein ser frå andre prosjekt og lokasjonar, at ein lavterskel tursti, som er lett tilgjengeleg frå bilparkering, er eit godt egna trekkplaster både som eige turmål, og som ein motivasjon til å få forbipasserande til å stoppe over eit litt lengre tidsrom. På Galdesand ligg det godt til rekke for å få til dette. Det er allereie etablert sti eller grusveg langs sørsida av elva (Bøvre), heilt frå kyrkja og brua over til Galde/Bakkeberg i vest, og forbi renseanlegget i aust. Denne kan enkelt betrast med noko vegetasjonsrydding, samt kanskje lett oppgrusing av delar av veg/sti. Ein kan vidare velje å følgje fylkesvegen attende til Galdesand frå aust eller vest. Imidlertid er det her ein del biltrafikk i sommarhalvåret, noko som gjer denne traseen utrygg for fotgjengarar. Vi har derfor foreslått at ein kan lage ein rundtur over på nordsida av Bøvre, ved å etablere ei enkel gangbru i austleg del av runda, rett vest for renseanlegget. På denne måten kan turstien følgje gardsvegen innover mot Galde, før ein tek seg over Bøvre ved mølla, og attende til Galdesand på stien sør for elva.

Naturleg utgangspunkt for ei slik runde vil vera parkeringa og informasjonstavlene mellom Coop og Bøvre. Langs stien kan ein om ønskeleg tilrettelegge med temavise informasjonsskilt, slik at dette også blir ein kulturstig. Forslag til tema her kan vera lokalhistorie om Bøverdalen, eller lokal geologi/naturhistorie.

# OVERORRØNDA LANDSKAPSPLAN



Gangbru

Kultursti/natursti. Tema f.eks. lokalhistorie

Badstu med kaldkulp

Tilrettelagt område for opphald  
(Fokusområde I)

Område for leik  
(Fokusområde I)

Kultursti/natursti. Tema f.eks. lokalhistorie

Tilrettelagt fiskeplass

Vasshjul

Sitteplassar med bord/benker

Utkikkspunkt mot mølla og fossen

Sitteplassar og betre  
tilrettelegging av bussplassane

Område for utsmykning  
(Fokusområde II)

Tilrettelagt område for opphald  
(Fokusområde II)

Område vert rydda og ev. ljossett,  
og tilrettelagt for hengekøyer

Ladepunkt for el-bilar

Informasjonstavler og  
oversiktskart

Gjenbruksstasjon.  
Skjerma for innsyn med veggar

# FOKUSOMRÅDE I - LEIKEOMRÅDE OG RASTEPLASS VED ELVA



Som nemnt over har vi valt å gå noko meir i djubda på utforming av to fokusområde. Fokusområde I, som vi har sett mest på av desse to, består av området mellom elva og vestleg del av parkeringsplassen, samt eit areal rett vest for parkeringsplass/gjenbruksstasjon.

Området ned mot elva som nevnt over er eit areal som i dag ikkje er spesielt tilrettelagt for opphald. Arealet ligg noko lågare i terrenget enn parkeringsplassen, slik at ein kjem nærare elva og får meir kontakt med denne. Det har i dag fin furuskog, men det trengs noko vegetasjonsrydding av buskas og småtre, slik at det blir meir oversiktleg og tilgjengeleg.

Når dette er gjort, foreslår vi at ein ryddar og renskar opp gangsti gjennom dette området, og tilrettelegg med møblering for rast og noko lek.

I tillegg foreslår vi at ein her kan etablere ein fiskeplass som kan vera tilgjengeleg for dei fleste å bruke - også bevegelsehemma. Då dette området ligg forholdsvis godt skjerma frå parkeringsplassen og vegen, og i tillegg har god kontakt med elva, meiner vi det her ligg godt til rette for ei badstu f.eks. for utleige. Om mogleg kan ein her også nytte elva som kaldkulp, dersom ein legg til rette for trygge rammer i form av inngjerding/tau/lense som ein held seg innanfor.

Området rett vest for parkeringsplassen og gjenbruksstasjonen er i dag eit kupert areal som ser ut til å ikkje bli nytta i nokor nevneverdig samanheng. Her trengs det også noko vegetasjonsrydding. Når dette er gjort, foreslår vi at dette området vert gjort om til eit leike- og aktivitetsareal som kan nyttast både sommar og vinter.

Vi ser for oss at dette vert ein leikeplass med naturen som basis, og at ein nyttar leikeelement og installasjonar av naturmaterialer, slik at det ikkje framstår som urbant og for mykje tilrettelagt. Eit eksempel kan vera buldrestein, sklie som følgjer terrenget, eller balansestokkar. Om vinteren kan området nyttast som akebakke.


# FOKUSOMRÅDE I - LEIKEOMRÅDE OG RASTEPLASS VED ELVA

Illustrasjonssnitta under syner rasteplassen ved elva og leikeplassen ovanfor, der ungane kan leike trygt, skjerma frå både vegtrafikken og elva.

Sjølv om området ved elva skal vera ein rasteplass er det viktig at denne ikkje blir alt for tilrettelagt, slik at plassen framleis vert oppfatta som ein del av naturen. Det bør behaldast ein del skog i området, og elva bør etter vårt syn om mogleg ikkje sikrast med gjerde eller rekkverk anna enn ev. ved fiskeplassen/fiskebrygga, samt ev. ved kaldkulpen i samband med badstua.



Område for rasteplass, med fin skog og god kontakt mot elva




## FOKUSOMRÅDE I - LEIKEOMRÅDE OG RASTEPLASS VED ELVA

Då rasteplassen nok ligg i eit område som kan vera flaumutsett ved større flaumar, må installasjonar og møblering i dette området vera robuste og forankra. Ein må vurdere om badstua ev. skal vera flyttbar, slik at ho kan fjernast delar av året, eller ved ev. flaumvarsel.


Fiskeplassen foreslår vi vert laga i form av ei lett tilgjengeleg og sikra brygge, som også kan nyttast av menneske med nedsatt funksjonsevne.

Om ønskjeleg, kan ein remontere vasshjulet, som tidlegare sto sør for fylkesvegen, her i samband med rasteplassen langs elva. Ein kan vurdere om dette skal settast i drift med vatn - alternativt kan det monterast berre på sokkel, som ei rein utsmykking.

I tillegg til å tilføre Galdesand ein opphaldsstad for turistar og forbipasserande, meiner vi denne rasteplassen og leikeområdet har potensiale til å kunne fungere som ein møtestad og samlingspunkt også for dei lokale. Her kan barnefamiliar og andre møtast og leike, ete saman, kanskje ta badstu og fiske - eller til dømes ha felles St.Hans-feiring eller barseltreff ein godværsdag?



Illustrasjonssnitt. Badstove ved elva, med kaldkulp for bading



Illustrasjonssnitt. Tilrettelagt fiskeplass i samband med aktivitetsområde ved elva.

## FOKUSOMRÅDE II: RASTEPLASS OG BUSSPLASSAR VED VEGKRYSSSET



Som fokusområde II har vi sett nærare på området kring avkøyringa til Galdhøpiggevegen. Vest for denne avkøyringa ligg det i dag eit område som er tilrettelagt med bord og benkar, og der det tidlegare var installert eit vasshjul som utsmykking, laga av ein lokal handverkar.

Området framstår i dag som noko nedslitt, og treng vedlikehald. I tillegg har vasshjulet vorte fjerna, grunna problem med drift og vedlikehald.

Her foreslår vi at ein oppgraderar møblering og materialbruk, med same uttrykk som øvrig møblering ved elva. I tillegg foreslår vi at ein fjernar plataet der vasshjulet tidlegare har stått, for å få betre plass til møblering.

Området aust for avkøyring til Galdhøpiggevegen er i dag berre eit litt overgrodd område, med vegskilt opp mot Raubergstulen og Galdhøpiggen.

Dette området er svært godt synleg, og kan etter vårt syn godt nyttast til utsmykking i form av til dømes ein skulptur eller større steinblokker av stein som er typisk for området. Området vert delvis nytta til snøopplagring om vinteren, så ev. utsmykking må ha plassering og utforming som tåler dette, samt ev. noko traktortrafikk.

Bussplassane på båe sider av fylkesvegen manglar sitteplassar. Dette foreslår vi vert ordna med enkle benkar med same materialbruk som i resten av prosjektet.

Ved bussplass sør for vegen er det ei eksisteranda informasjonstavle. Denne treng noko vedlikehald og oppgradert informasjon - i tillegg bør terrenget tilpassast betre inntil denne, slik at universell utforming vert betre ivareteke.



Bussplass med infotavle



Sitteplassar sør for vegen

# MATERIALBRUK OG REFERANSEPROSJEKT

## Møblering

Møblering i området bør ha ei heilheitleg utforming, slik at ein får eit felles, estetisk uttrykk for området. Om mogleg, bør ein nytte materialer med lokal forankring slik at ein lett kan skifte ut komponentar eller element ved vedlikehaldsbehov.

Når det er sagt, bør det også vera eit mål å etablere møblering som er mest mogleg robust, og mest mogleg vedlikehaldsfritt. Kanskje bør bord og benkar vera av naturstein eller betong? Spesielt gjeld dette nede ved elva, der desse kan bli utsett for elvevatn. Eit anna alternativ er massivtre eller stokkar i ein eller annan variant - kanskje også i kombinasjon med stein eller betong.

På rasteplassen ved Liasanden, i tilknytning til Nasjonal Turisveg Sognefjellet, er det nytta betong og tre som materiale både på møblering, toalettbygg og leskur. Materialbruken her meiner vi harmonerer særst godt med naturen i Bøverdalen, men detaljeringa bør nok gjerast enda meir robust enn det som her er nytta. Vi ser derfor for oss at ein nyttar dei same materiala, men kanskje med enda meir innslag av naturstein, tyngre og meir massive konstruksjonar. Utforming bør vera enkel og stram, utan for mykje detaljar og “finarbeid”, då detaljar medfører meir vedlikehald og fare for slitasje.

## Utforming skilt

Som nemnt over bør det utarbeidast ein skiltplan, med ein heilheitleg strategi for skilting i området. Skilt og retningsgjevarar bør såleis også ha ei heilheitleg utforming, som er både robust og estetisk tiltalande.

Vi foreslår at ein her går for skilt i enten massivtre eller cortenstål. Nasjonalparkane i Noreg har ein felles designmal for skilting og informasjonsmateriell, og her er det fine eksempel på korleis dette kan løysast.



Betongbenkar med bord ved Liasanden



Eksempel benk i massivtre



Over: benk i betong. Under: benk i naturstein, som ein enkeltblokk.



## Avfallshandtering

Det er i dag ikkje noko samordna system for avfallshandtering for besøkjande, anna enn søppelkasser ved butikken.

Dette bør ein ta bevisst stilling til når ein no legg opp til fleire besøkjande i området. Vårt forslag er at ein etablerer nedgravde avfallsbrønner ved parkeringsplassen, ned mot elva, slik at dei er sentralt plassert og godt synlege i forhold til raste- og leikeplass, samt parkerande.

## Element for leik

Leikeplassen bør etter vårt syn ikkje utformast som ein urban leikeplass med “ordinære” leikeapparat og gummiasfalt som fallunderlag. Ein bør i størst mogleg grad nytte apparat som ikkje krev anna underlag enn terreng/vegetasjon og ev. bork.

Sjølve elementa bør utformast i naturmateriale som tre og stein, og vera mest mogleg vedlikehaldsfrie. Klatresteinar og sklie som ligg på og følgjer terrenget er gode alternativ.

## Dekke og underlag


Dei asfalterte plassene vert behalde som i dag, men med tydelegare oppmerking. Ev kan ein vurdere å legge betongheller eller stein i områder for fotgjengarar, som til dømes langs fasade på Coop, mot vegen, eller ved inngang til offentleg toalett.

Gangsti langs elva vert rydda for vegetasjon, og ein kan ev. supplere med noko grusing for å forbetre dekket.

Ut over dette meiner vi at resten av anlegget kan behalde sitt naturlege vegetasjonsdekke, men at det må gjerast ei vegetasjonsrydding ved etablering av anlegget.



Mogleg referanse, avfallsbrønner.



Referanse materialbruk, Liasanden



Referanse skilt, Norges Nasjonalparker

# OPPSUMMERING OG TILRÅDINGAR FOR VIDARE ARBEID

## Oppsummering, prioritering av tiltak

Vi har no foreslått ei rekkje tiltak - nokon større, og nokon mindre omfattande. Dersom ein skal prioritere blant desse, meiner vi følgjande tiltak vil vera dei viktigaste og mest virkningsfulle:

- Utarbeide ein overordna skiltplan, og oppføre skilt og infotavler
- Rydde og opparbeide rasteplassen ved elva
- Rydde og opparbeide gangsti langs elva
- Oppgradere møblering ved rasteplass sør for fylkesvegen
- Forbetre oppmerking og soneinndeling på parkeringa, samt etablere ladepunkt el-bilar

Om ein må velje bort enkelte tiltak, kan ein eksempelvis etablere fiskeplass, badstu, utsmykking, leikeplass og gangbru seinare. Det same gjeld mellom anna oppgradering av bussplassane.

## Skjøtsel og drift

Vi har freista å foreslå tiltak som ikkje er veldig ressurskrevjande, og der terskelen for etablering forhåpentleg ikkje er så høg. Ein kan også velje å etablere nokre av tiltaka og ikkje alle, og det vil uansett medføre ei forbetring og estetisk heving av staden.

Det har også vore viktig i planlegginga at anlegget ikkje skal vera veldig krevjande med tanke på drift og skjøtsel. Mykje av skjøtselen som må gjerast jevnleg vil hovudsakeleg vera i form av vegetasjonsrydding. Det vil måtte gjerast ein grundig runde med rydding ved etablering av anlegget, og ut over dette vil enkelte område måtte ryddast/klyppast jevnleg i løpet av sesongen, medan andre område ikkje treng å ryddast meir enn ein gong i året - eller kanskje til og med annankvart år.

Når vi har utforma våre forslag har det ikkje vore tanken at det her skal etablerast område med “parkpreg”, der ein har plen og beplantning. Vi ser for oss at områda skal framstå som mest mogleg naturlege, men at ein må rydde vegetasjon for å halde det trygt, tilgjengeleg og sikkert.

Når det gjeld vedlikehald av tilførte element, kan dette minimerast dersom ein vel til dømes møblering av naturstein. Enkelte element vil nok vera av trematerialer, og desse vil måtte ha ein viss andel vedlikehald, og ein må jevnleg sjekke at sikkerheita er ivareteken. Før utførelse må det derfor utarbeidast ein skjøtelsplan for alle elementa ein vel å utføre, der det framgår kva som skal gjerast for dei ulike elementa, kven som er ansvarleg, og kor ofte/i kva slags syklus dette skal gjerast.

Dersom ein vel å investere i ei gangbru over Bøvre vil denne måtte ha sin eigen drifts- og vedlikehaldsplan, der sjekk av sikkerheit og tilstandsvurdering er sett i system. Når det gjeld avfallshandtering må det naturleg nok avklarast med NGR kva som er mogleg mtp. tøming og ev. intervall før ein vel å etablere avfallsbrønner.

Det bør vurderast om enkelte av dei opparbeida områda skal tilførast enkel belysning. Utforming og ansvar for dette anlegget må også avklarast, og omfanget bør etter vårt syn begrenast.

## Vegen vidare

For at dei foreslåtte tiltaka skal kunne bli fulgt opp vidare, og ev. kome til utførelse, foreslår vi at det bør settast ned ei arbeidsgruppe for prosjektet. Denne gruppa bør ha representantar både frå kommunen, Coop, grendalag og ev. andre lokale interessentar - kanskje også grunneigarar som dette berører.

Denne gruppa bør utarbeide ein plan i forhold til finansiering av etablering, og retningslinjer for ansvarsfordeling av skjøtsel og vedlikehald. Det må også gjerast dei naudsynte formelle avklaringar i høve til eigarforhold og ev. søknadsplikt, både opp mot kommune, Statens Vegvesen og NVE. Her kan sikkert kommunen bistå med avklaringar.

Ein bør også undersøkje om det er midlar å hente ved søknader om støtte til nærmiljøanlegg, frå til dømes spillemidler, sparebankstiftelsen eller andre aktører.

For å søkje støtte, og få oversikt over kostnader for etablering og skjøtsel, må det utarbeidast eit kostnadsoverslag for arbeida. Dette kan truleg vera på eit overordna nivå, slik at dette kan gjerast på grunnlag av dei skissene som allereie nå ligg føre.

Når dei formelle ramene rundt prosjektet er avklart og utreda, både mtp. ansvarsfordeling, finansiering osv., må det utarbeidast ein anbudsgrunnlag for innhenting av pris på utførelse. Kva detaljeringsgrad dette grunnlaget skal ha kan ein kome attende til når ein har meir oversikt over kva element ein ønskjer å prioritere.

